

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 10.01.2023

Til stades: Ole Gisle Vassel, Marta Samland, Veslemøy Mjelde, Thorleif Gjernes, Angunn Handegard Trå, Ingebjørg Grøtt, Oddmund Skeie og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Kenneth Vikane

Referent: Kaia

Sak 2023/01: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2023/02: Godkjenning av referat frå styremøte 06.12.2022. Godkjent

Sak 2023/03: Eigedomar:

- Potensiell leigetakar til «rektorkontoret» i kulturhuset. Me lager eit forslag til leigeavtale.

Sak 2023/04: Tilstellingar:

- Informasjonsmøte om butikk i Herand vert laurdag 14.01 kl. 15.00. Alle velkomne.
- Samarbeidsmøte med lag/arrangørar for planlegging av aktivitetar i 2023 vert tysdag 24.01. kl. 19.00 i matsalen på Herand kulturhus. Velkomne.
- Bygdelagsbasar vert 25.02.2023 kl 15.00 på Herand kulturhus. Sal av loddar på bok er starta. Bygdelaget er takksame for gevinstar.
- Årsmøte for Herand bygdelag vert søndag 26.03 kl. 16.00 i matsalen på Herand kulturhus. Leiar sender melding til valnemnda ved Ingrid Stranden Haavik. Innkomne saker meldast styret innan søndag 12.03. Kasserar legg fram rekneskap. Skrivar lager årsmelding og innkalling.

Sak 2023/05: Butikken:

- Status i arbeidet for ny butikk; arbeidsutvalet (Ole, Angunn og Kaia) har jobba saman med forhandlingsutvalet for ny butikk med å få til ei ny butikklysing sidan spørjeundersøkinga i oktober 22. Det ser no ut til å bli ny butikk i bygda. Informasjonsskriv er sendt ut til alle husstandar i Herand og informasjonsmøte vert arrangert 14.01.23.

Sak 2023/06: Økonomi:

- Herand kulturhus har fått fritak frå eigedomsavgift.
- Bygdelaget har fått ordinær MVA kompensasjon på kr 34.022,-.
- Herand kulturhus har fått straumstøtte til lagshus frå Hardanger Energi på kr 54.000,-. *Tusen takk for støtta!*
- Herand bygdelag sitt overskot for 2022 er kr 174.000,-. Rekneskapen leggst fram på årsmøtet.

Sak 2023/07: Nærmiljøanlegget:

Mur; Kjell Rune Selsvik murer nedanfor ballbingen som dugnadsarbeid, *tusen takk*. Det er trong for meir murstein, prosjektgruppa ser på dette. Avvik frå tilsyn vert lukka i samarbeid med leverandør av utstyret, Sandvik Play.

Sak 2023/08: Elbil-ladar:

Ole arbeidar vidare med saka, undersøker vidare med BKK.

Sak 2023/09: Andre saker/eventuelt:

- Herand bygdeblad – nye priser for abonnement og annonser. Årsabonnement kostar no kr. 320,-. Ny pris er grunna auka trykkeri og portokostnader. Herand bygdeblad har 30. års jubileum dette året.

Neste styremøte tysdag 14.02.23 kl. 19.00 på Herand kulturhus